

Årsmelding for Kammerkoret Måltrastena 2017

Medlemstal pr. 31.12.2017 er 13.

Me har øvd i Nordgardsløa 18.30-21.00.

Styret i 2017 har vore samansett slik:

Jorunn Botne, leiar

Haakon Aase, kasserar

Marie Hardeland, skrivar.

Gisle Vabø har vore revisor.

Valnemd har vore Britt Langeland og Knut Dalland.

Dirigent har vore Kristine Fluge.

Arbeidsåret 2017

Øvingskveldar, songoppdrag med meir.

Me hadde 10 øvingar våren 2017 i og 6 øvingar hausten 2017.

I tillegg hadde vi seminar saman med Songkoret Spleis i Matre 11.februar.

5. mars fekk vi vera med å feira Knut sin 70årsdag på Sansetunet. Det var ein veldig hyggeleg kveld med god mat og litt lokalhistorie og fine kulturinnslag. Måltrastena song.

22. og 23. april hadde vi konsertar med Johannes Kleppevik sin musikk på Strilåtun og på Risnes i Masfjorden. Kristine var dirigent, Kjersti Wiik solist og musikarar var Bjørn Breilid, Haakon Aase og Oddmund Solheim. Konferansier var Marie Golten Pedersen. Det var vellukka konsertar både kunstnerisk og økonomisk.

30. september deltok vi på eit stort kystkulturarrangement i samband med at Johannes Kleppevik ville fylt 70 år i 2017. Det vart ein flott konsert og ei fin avslutning på Kleppevikprosjektet.

Vi var over 80 songarar frå Sund blandakor; Songkoret Spleis frå Masfjorden og Måltrastena. Dirigentar var Kristine Fluge og Ann Jorun Hillersøy Solistar: Helga Golten Thue, Kjersti Wiik, Rolf Johny Madsen. Orkester: Oddmund Solheim, Glenn Sørskår, Stein Ørnhaug, Vegar Valde, Tor Helge Opdahl. Lyd/lys: Harald Norheim. Forteljing: Marie Golten Pettersen. Konferansier: Helga Golten Thue.

100-årsjubileet

Måltrastena deltok på adventstreff i Nordgardsløa 3. desember i regi av Meland Mållag.

14. desember avslutta vi haustsemesteret med konsert med Bergen mannskor og fest hos Endre etterpå.

Styret i Måltrastena, 21.februar 2018.